

## Avtale om institusjonelt samarbeid om utdanning mellom

Høgskulen på Vestlandet (HVL), org.nr. 917 641 404,  
Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) og Fakultet for ingeniør og  
naturvitenskap (FIN)

og

Helse Fonna (HF), org.nr. 983 974 694

### 1. Innleiing

Partane i denne avtalen er:

- Høgskulen på Vestlandet (HVL), Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) og Fakultet for ingeniør og naturvitenskap (FIN)
- Helse Fonna (HF)

Avtalen byggjer på «Overordna samarbeidsavtale om institusjonelt samarbeid om forskning, innovasjon og utdanning mellom HF og HVL», og er såleis ein nivå II avtale. Denne avtalen gjeld utdanning.

For denne samarbeidsavtalen mellom HVL og HF ligg også styrande dokument og strategiplanane til avtalepartane til grunn.

Avtalen er revidert og erstattar avtale datert 08.04.2021. Avtalen gjeld frå signeringsdato.

### 2. Formål

HVL og HF fortset gjennom denne avtalen eit formalisert samarbeid om utdanning.

Samarbeidsavtalen regulerer det overordna samarbeidet og klargjer ansvarsforholdet mellom partane.

Samarbeidet skal bidra til å betre tenestetilbodet og styrke kvaliteten på utdanningstilbodet.

Samarbeidet skal sikre at utdanningane er i tråd med behova til befolkninga og tenestene.

Samarbeidet om utdanninga har til formål å bidra til at utdanningane er praksisnære og forskningsbaserte med høg fagleg kvalitet og relevans, og at praksisstudiar er kunnskapsbaserte og i samsvar med studieplanar og nasjonale retningslinjer og forskrifter.

Denne avtalen skal bidra til at partane oppfyller lovkrav for samarbeid om utdanning, slik det særleg er beskrevet i:

- [Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgere utdanning,](#)
- [Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanninger](#)
- [Nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningene,](#)
- [Lov om spesialisthelsetenesta m.m \(spesialisthelsetenestelova\)](#)
- [Lov om helseforetak m.m \(helseforetaksloven\) §§1-2](#)  
[Instruks til Helse Vest RHF om forhold til universitet og høgskular](#)

Andre relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Overordna har utdanningsinstitusjonane det formelle ansvaret for planlegging og kvalitetssikring av innhaldet i studia og for kvalitetssikring av studentane sin kompetanse.

I bestillardokumenta frå Helse- og omsorgsdepartementet til dei regionale helseføretaka er det stilt krav om at dei regionale helseføretaka skal sikre eit kvalitativt godt tilbod og tilstrekkeleg kapasitet i utdanninga av helsepersonell som har spesialisthelsetenesta som læringsarena. Dette gjeld for helsepersonell i grunnutdanning, turnus, og også i vidare- og etterutdanning. Utdanning av helsepersonell i spesialisthelsetenesta blir omtala årleg i departementet sin budsjettproposisjon og i tildelingsbrevet til Helsedirektoratet. Begge partane har eit samfunnsansvar for å utdanne tilstrekkeleg tal helsepersonell for å løyse framtidens behov for helsetenester.

Tilretteleggingsarbeid omfattar særleg tilgang til pasientar og nødvendig pasientinformasjon i utdanningsføremål, involvering i utvikling av studieplanar, gjensidig utveksling av informasjon som har relevans for utdanningsverksemda til partane, i tillegg til optimal ressursutnytting. Ei viktig målsetjing er å sikre synergieffektar og bli einige om praktiske løysingar knytt til det organisatoriske og faglege samarbeidet som kan bidra til auka kvalitet innan utdanningsverksemda til partane.

Avtalen regulerer den faglege gjennomføringa av praksisstudiar og andre forhold som er av betydning for studenten sitt læringsutbytte og for kvaliteten i praksisopphaldet. Dette inneber mellom anna at avtalen beskriver partane sine rettigheter og plikter.

### 3. Omfang

Denne avtalen omfattar bachelorutdanninger, vidareutdanninger og masterstudium ved FHS og bioingeniørutdanninga ved FIN. Innkomande, internasjonale studentar vil inngå i det, til ei kvar tid, gjeldande totalvolum av studentar.

HVL og HF skal legge til rette for utdanningsaktivitet, sett i samanheng med andre kjerneoppgåver, slik at partane kan oppfylle sine utdanningsoppdrag. Det skal være jamleg

dialog (jamfør punkt 5) mellom HVL og HF om den totale kapasiteten ved HF som praksisarena.

#### 4. Ansvar og roller

HVL har hovudansvar for utvikling og kvalitetssikring av studieprogramma, i tillegg til vurdering<sup>1</sup> av studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse. Fagmiljøa ved HVL skal ha relevant og oppdatert kunnskap frå praksisfeltet. HVL har hovudansvar for evaluering<sup>2</sup> av praksisstudiar. HVL har ansvar for å invitere HF inn i relevante fora ved høgskulen.

HF har ansvar for å tilby relevante læresituasjonar og gode læringsarenaer for studentar, kunnskapsbaserte tenester og kompetente rettleiarar. HF skal sørge for at praksisrettleiar normalt er av same profesjon som den som blir rettleia, og har relevant fagleg kunnskap.

Partane skal mellom anna samarbeide om:

- revisjon og utvikling av eksisterande og nye utdanningstilbod
- utviklingsarbeid for samanheng mellom teori og praksis i samsvar med den faglege, pedagogiske og organisatoriske utviklinga
- utvikling av praksisarenaer og rettleiingsmodellar
- utvikling av modellar for tverrprofesjonell samarbeidslæring i praksisfeltet
- kombinerte- og bistillingar mellom HVL og HF (sjå punkt 7)

#### 5. Samarbeid om praksisstudiar

Samarbeidet skal bidra til at praksisstudiane er kunnskapsbaserte, relevante og av god kvalitet, og i samsvar med studieplanar og nasjonale retningslinjer og forskrifter. Rettleiingsoppgåver i praksisstudiane skal inngå i personal- og verksemdsplanlegging ved HVL og HF.

##### Dimensjonering av praksisplassar

I samsvar med Helse Vest sin rammeavtale med høgskulane/universiteta, skal det årlege avtalte tal praksisplassar stillast til rådvelde i helseføretaka. Dimensjonering av utdanning og tal praksisplassar skal planleggast i samarbeid, basert på kandidatmåltal gjeve i oppdragsbrev frå departementa, erfaringstal med omsyn til fråfall, forskrifter fastsett av overordna styresmakter, studietilbod oppretta på bakgrunn av behov i regionen og krav til fagleg forsvarlegheit.

<sup>1</sup> Vurdering er i denne samanhengen vurdering av *studenten*

<sup>2</sup> Evaluering dreiar seg her om evaluering av det aktuelle studietilbodet jfr Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning.

Det kan opprettast studietilbod på bakgrunn av behov i regionen. I slike høve skal partane samarbeide om tilrettelegging av praksisstudiar, der dette er aktuelt.

### 5.1 Planlegging

- a) HVL melder inn behov for praksisplassar og praksisperiodar for påfølgande studieår innan 1. april. HF gir tilbakemelding om tildelte praksisplassar for påfølgande studieår innan 1. mai, men med moglegheit for å justere vårsemesteret innan 1. oktober. For enkelte utdanningar kan det vere føremålstenleg med anna rutine for å melde behov og tilbod. Der det er semje om dette mellom partane, skal anna rutine inngå i nivå III avtale.
- b) Partane skal ha definerte kontaktpersonar som koordinerer praksisplassar innan utdanningsløpa. HVL og HF skal holde kvarandre løpande informert om kven som innehar dette ansvaret.
- c) Partane skal samarbeide om praksisstudiar for innkomande internasjonale studentar.
- d) Ved nye utdanningstilbod som inkluderer kliniske praksisstudiar, skal eventuelle behov for praksisplassar vere avklart før studiet etablerast.
- e) Partane skal samarbeide om å utarbeide, vidareutvikle og evaluere læringsutbyttebeskrivingar for praksisperiodane.
- f) Partane skal samarbeide om identifisering og tilrettelegging av læringsaktivitetar og læringssituasjonar i praksisstudiar i tråd med læringsutbyttebeskrivingane.
- g) FHS ved HVL har ansvar for å tilby rettleiarutdanning for praksisrettleiarar<sup>3</sup>. HF har ansvar for at tilsette kan delta på desse.
- h) Partane skal samarbeide om planlegging og innhald av praksisrettleiarseminar og liknande der dette er relevant. HVL har ansvar for gjennomføring. HF har ansvar for at tilsette kan delta på desse.
- i) Partane har eit felles ansvar for tilrettelegging slik at kontaktlærer<sup>4</sup> kan inkludrast i praksisfeltet og gjevast moglegheit for hospitering.
- j) Partane skal i samarbeid førebu og sikre praktisk tilrettelegging for praksisstudiar og utarbeide retningslinjer/rutinebeskrivingar for slik tilrettelegging, som for eksempel om IKT-tilgangar, tilgang til arbeidstøy og garderobar, gjennomføring av obligatoriske kurs ved HF, signering av teieplikt mv. Det skal også utarbeidast melderutinar og rutinar for oppfølging ved skader på studentar i praksisstudiar.

### 5.2 Gjennomføring

Begge partane har ansvar for å følge opp studentar i rettleia praksisstudiar:

- a) HF v. praksisstaden har ansvar for den daglege rettleiing og oppfølging.

<sup>3</sup> Praksisrettleiar – nyttast om den fagpersonen tilsett på praksisstaden som har det daglege ansvaret for studentar i praksis.

<sup>4</sup> Kontaktlærer/praksislærer – HVL tilsett som møter/følgjer opp studenten i praksis. Vi nyttar kontaktlærer i denne avtalen

- b) HF v. praksisstaden har ansvar for at studentane blir innlemma i arbeidsfellesskapet på praksisstaden.
- c) HVL v. kontaktlærer har ansvar for å vere i dialog med praksisrettleiari vedkomande studentar sine læringsprosessar, bistå praksisrettleiari i pedagogiske spørsmål inkludert rettleingsmetodikk i tillegg til planlegging av læringsaktivitetar.
- d) HF v. praksisrettleiari og praksisstaden har ansvar for den løpande kompetansevurderinga av studenten, i tillegg til innstilling til sluttvurdering. HVL v. kontaktlærer har ansvar for endeleg kompetansevurdering (bestått/ikkje bestått).
- e) HF v. praksisrettleiari melder frå til HVL v. kontaktlærer så tidleg som mogleg dersom studentar er i fare for ikkje bestått praksis.
- f) HF v. praksisrettleiari og praksisstaden skal gjere skikkavurdering løpande, og melde tvil når det er grunnlag for det. Skikkavurdering er regulert av [forskrift om skikkethetsvurdering i høvere utdanning](#). Dersom det er behov for utvida rettleiing, skal praksisstaden samarbeide med høgskulen om dette.
- g) HVL v. kontaktlærer og emneansvarleg<sup>5</sup> har hovudansvar for å sikre at formelle krav og rutinar knytt til vurdering av skikkahelt og vurdering av bestått/ikkje bestått, blir følgt. [HVL har egne rutinar for skikkavurdering](#)
- h) HVL v. FHS og FIN har ansvar for at kontaktlærer er kjend med praksisfeltet sine problemstillingar og oppgåver.
- i) Studentar som deltek i arbeidsverksemd ved HF er omfatta av helseføretaket si yrkesskedeforsikring i den utstrekning helseføretaket har erstatningsansvar i med heimel i Lov om yrkesskedeforsikring. Studentar er ikkje omfatta av HF sine øvrige forsikringsordningar for tilsette. Studentar som deltek i arbeidsverksemd ved HF er omfatta av føretaket si ansvarsforsikring. Ansvarsforsikringa omfattar ikkje pasientskade. Pasientskader er forsikra gjennom Norsk Pasientskadeerstatning.

### 5.3 Evaluering og kvalitetssikring

HVL har hovudansvar for evaluering av praksisstudiane. Evalueringa skal gjennomførast i samarbeid med studentar og HF, og i tråd med rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL. Evalueringar av praksisstudiane utformast slik at HVL, HF og studentane blir ivaretekne og kan gjere seg nytte av desse i forbetningsarbeidet. Resultata skal gjerast kjent i organisasjonane og danne grunnlag for kontinuerleg forbetningsarbeid. Evalueringsform, hyppigheit og oppfølgingsform, i tillegg til resultat, skal takast opp jamleg i Samarbeidsrådet, sjå nedanfor.

## 6. Samarbeid om master- og vidareutdanningar

HVL skal involvere HF i arbeidet med utarbeiding og vidareutvikling av master- og vidareutdanningstilbod, slik at spesialisthelsetenesta sine framtidige behov for kompetanse kan ivaretakast i utdanningsprogramma.

<sup>5</sup> Emneansvarleg – eit studieprogram består av ulike emne. Kvart emne er leia av ein emneansvarleg.

HF skal i så stor grad som mogleg legge til rette for at masterstudentar frå HVL får tilgang til ulike typar datamateriale og rettleiing ved HF i samband med masteroppgåver.

Partane skal i eit samarbeid sikre at det er rutinar som mellom anna regulerer/beskriv dialog om tema for masteroppgåver, eventuell eiga datainnsamling inkludert personvernmessige forhold, rettleiing og undervisning.

Praksissamarbeid for masterutdanningar er regulert gjennom denne avtalen.

Samarbeid om PhD-utdanningar vert omtala i annan avtale på nivå II.

## **7. Personellsamarbeid**

Moglegheit for tilsetjing i kombinerte stillingar, bistillingar, timelærarstillingar eller som rettleiarar, er særleg viktig for å vedlikehalde og utvikle personalet sin kompetanse hos begge partar, og sikre relevans og kvalitet i utdanningane, både i spesialisthelsetenesta og ved høgskulen. Partane skal legge til rette for slike stillingar hos kvarandre.

Partane skal i samarbeid avklare og utarbeide retningslinjer for økonomiske og praktiske forhold knytt til undervisning, sensurering, i tillegg til rettleiing på masteroppgåver.

## **8. Organisatorisk samarbeid/samarbeidsarenaer**

### *8.1 Samarbeidsråd*

For å ivareta forpliktingane i denne avtalen og bidra til at utdanningsoppdraget forvaltast med kvalitet og kontinuitet, er det oppretta eit Samarbeidsråd for utdanning med representantar frå HF og HVL som rapporterer til Samarbeidsforum (jamfør nivå I avtale). Samarbeidsrådet skal iverksette føringar og oppdrag gitt av Samarbeidsforum og kan gje føringar og oppdrag til råd og utval på nivå III. Samarbeidsrådet omfattar samarbeid om utdanning.

Via Samarbeidsrådet for utdanning pliktar partane å halde kvarandre gjensidig informert om strategiar, planar og tiltak som påverkar partane sine plikter og moglegheiter, under dette tilhøve som kan påverke studenttal, praksisplasstilbod og anna samarbeid. Samarbeidsrådet skal også sjå til prioritering av oppgåver på område der ein har gjensidige forpliktingar og felles interesser, samt oppfølging av implementering og ressursforvaltning knytt til desse oppgåvene.

(i) Mandat

Samarbeidsrådet for utdanning omfattar samarbeid omtalt i «Overordna samarbeidsavtale om institusjonelt samarbeid om forskning, innovasjon og utdanning» mellom HF og HVL»

Samarbeidsrådet for utdanning skal iverksette føringar og oppdrag gitt av samarbeidsforum (nivå I) og kan gje føringar og oppdrag til råd og utval på nivå III. Samarbeidsrådet for utdanning er også eit rådgjevande organ for nivå I og for leinga i begge organisasjonane.

Samarbeidsrådet for utdanning kan fremje, drøfte og beslutte saker og iverksette tiltak i tråd med HF og HVL sine strategiar og nasjonale og regionale føringar knytt til område som samarbeidsavtalen omfattar og som vedkjem begge organisasjonane. Partane ved møteleiar og nestleiar har ansvar for å sikre forankring i sine organisasjonar og melde ifrå om behov for dette i samarbeidsrådet.

Samarbeidsrådet for utdanning skal også sjå til prioritering av oppgåver på område der ein har gjensidige forpliktingar og felles interesser, samt oppfølging av implementering og ressursforvaltning knytt til desse oppgåvene. Gruppa skal vere eit bindeledd opp mot andre fakultet ved HVL.

Samarbeidsrådet for utdanning inviterer relevante aktørar til saker ved behov.

(ii) Samansetjing

Inntil 4 medlemmer frå kvar av institusjonane. Frå HVL skal fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) og fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) vere representert.

**Helse Fonna**

- HR-direktør
- Klinikkdirektør medisinsk service og beredskap
- 2 klinikkdirektørar

**Høgskulen på Vestlandet**

**Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS)**

- Instituttleiar helse- og omsorgsvitskap
- Instituttleiar helse og funksjon
- Instituttleiar velferd og deltaking

## Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN)

- Studieprogramansvarleg for bioingeniørutdanninga

Prodekanane for forskning på FHS og FIN kan møte på aktuelle saker

### (iii) Møte og innkalling

Samarbeidsrådet for utdanning skal ha møte minimum ein gong pr semester. Dei to partane byter på ansvar for møteleiing, og leier møta to år om gongen. Møteleiing frå HVL skal vere frå FHS. Det skal kallast inn skriftleg til møta med tilstrekkeleg varsel. Sakliste og nødvendig saksdokumentasjon skal leggjast ved. Arbeidet blir ivareteke av eit sekretariat.

### (iv) Sekretariat

HF og HVL har fellessekretariatet for samarbeidsrådet.

Sekretariatet har ansvar for utsending av sakspapir før møta og for å føre referat. Referat skal sendast til kvar av partane i etterkant av møta.

### *8.2 Råd og utval på avtalenivå III*

Det skal opprettast utdanningsråd mellom studieprogram/fagmiljø ved helse- og sosialutdanningane ved FHS og FIN og fagmiljø ved HF. Det kan også opprettast andre råd og utval på oppdrag frå overordna samarbeidsforum

Dei studieprogram-/fagspesifikke utdanningsråda skal sikre

- dialog om kapasitet på tal praksisplassar<sup>6</sup>
- planlegging og gjennomføring av praksisstudiar (jamfør punkt 5 i denne avtalen)
- dialog om vidareutvikling av HF som læringsarena
- dialog om idear og gjennomføring av fagutviklingsprosjekt

Det skal haldast eitt møte i studieprogram-/fagspesifikke utdanningsråd pr semester. Nærare beskriving av mandat, samansetjing og møtehyppigheit kan beskrivast i nivå III avtalar.

Referat frå møta i fagspesifikke utdanningsråd skal sendast til sekretariat for Samarbeidsrådet for utdanning, som vil ta aktuelle problemstillingar vidare i samarbeidsstrukturen.

---

<sup>6</sup> Innkomande, internasjonale studentar vil inngå i det, til ei kvar tid, gjeldande totalvolum av studentar.



## 9. Finansiering og praksiskostnader

Finansiering av HF sine utdanningsoppgåver inngår som en del av basisløyvinga til Helse Vest RHF, jamfør Samarbeidsavtale mellom Helse Vest RHF og høgskulane og universiteta i helseregion Vest. Dei tidlegare praksisrettleggsmidlane frå høgskulane skal nyttast til felles utvikling (som samarbeidsmidlar i tråd med kapittel 3 i overordna avtale om institusjonelt samarbeid om forskning, innovasjon og utdanning mellom HVL og HF (nivå I)).

## 10. Tvistar

Dersom det oppstår tvist om tolking eller gjennomføring av denne avtalen, skal dette løysast gjennom drøftingar eller reforhandlingar mellom partane, eventuelt løftast til Samarbeidsforum.


## 11. Avtaleperiode

Avtalen gjeld frå signeringsdato og inntil ein av partane seier opp avtalen med minst 12 månaders varsel.

## 12. Signaturar

Denne avtalen er utskriven i 3 eksemplar. Kvar part beheld eitt eksemplar.

Dato: 20/4-2022



Dekan  
Fakultet for helse- og sosialvitenskap  
Høgskulen på Vestlandet

Dato: 10/4-2022



HR-direktør  
Helse Fonna

Dato: 27/4-2022



Dekan  
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap  
Høgskulen på Vestlandet

